



# Nynorsk mediesenter

Status per 07.03.07



# Nynorsk mediesenter lyser etter fleirkulturelle

I utlysinga av det sjuande kullet med nynorskpraktikantar lyser vi også etter fleirkulturelle.

– Det vert ofte framstilt slik at fleirkulturelle berre veks opp i store byar der nynorsk er eit fy-ord, men det hender at dei hamnar i ”nynorskland”. Om nokre av dei ynskjer å bli journalistar ser vi gjerne at dei søkjer Nynorsk mediesenter, seier leiar Magni Øvrebotten.

Ho meiner det er viktig med fleire både fleirkulturelle og nynorskbrukarar i norske media, og ynskjer at Nynorsk mediesenter skal medverke til det. Søknadsfristen er 1.april.

Alt til fyrste kullet søkte det ei jente frå Pakistan og Rogaland, som hadde hatt nynorsk i skulen, men gått over til bokmål i høgskule-systemet, fordi ho fekk ”gode råd” om at det lønte seg. - Ho ynskjer å finne attende til nynorsken fordi ho ville bli journalist. Ho låg godt an til å få plass, men trekte søknaden då ho kom inn på eit universitet i London. Sidan har det ikkje vore kvalifiserte søkjarar med fleirkulturell bakgrunn, men vi har heller ikkje søkt spesielt etter dei før, seier Øvrebotten.

## Sjette kullet i praksis



Frå venstre: Gunhild Sølvberg, Yngvill Kolset Haga, Mona Vetrhus, Ragnhild Bjørge og Inger Synnøve Tveito.

Det var 46 søkjarar til sjette kullet med nynorskpraktikantar, og det vart eit reint damelag. Dei byrja i Førde 3. januar i år og 1.mars var dei klare for praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Der skal dei ”lære-med-å-gjere-det” til 1.mai. Då skal dei ut i to månader ekstern praksis i andre redaksjonar, i og utanfor NRK. Her er litt om bakgrunnen deira, og korleis dei har hatt det så langt :

### Yngvill Kolset Haga :

*- Flott å komme til eit opplegg som er så godt lagt opp, utfordrande og lærerikt. Vi er heldige som får praktisere journalistikk etter berre to månader på kurs !*

Yngvill Kolset Haga, fødd 1980, er frå Verdal i Nord-Trøndelag. Ho har vakse opp i Oslo, Verdal og New York, og gjekk som vaksen over til å bruke nynorsk som hovudmål. Ho er utdanna produsent frå Den norske filmskulen på Lillehammer.

### Gunhild Sølvberg :

*- Vi har lært mykje forskjellig på kort tid. Under opplæring får vi eit godt inntrykk av kva det vil seie å vere journalist ”på ordentleg”, og vi har fått prøve oss frå dag **ein**.*

Gunhild Sølvberg, fødd 1978, er frå Førde i Sogn og Fjordane. Ho har mastergrad i økonomi og administrasjon frå Norges Handelshøgskule i Bergen.

### **Mona Vetrhus :**

- Det har vore to lærerike og spennande månader. Eg er fem kladdebøker og mange valentinsklemmar rikare. Vi har sett attergangaren til Ivar Aasen og lært at nyheitsstemma vert teken meir på alvor om ein legg ho ein smule ned. No gledar eg meg til framhaldet.

Mona Vetrhus, fødd 1975, kjem frå Uskedalen i Hordaland. Ho har litt att på ein mastergrad i litteraturvitskap ved Universitetet i Bergen.

### **Inger Synnøve Tveito :**

- Det som har vore mest positivt er at eg fekk kjensla av at folk stola på meg, heilt frå starten, sjølv om eg ikkje nødvendigvis var heilt dreven i det eg skulle gjere. Det å bli gjeven mest frie tøyler, gjev meg moglegheita til å gjere feil sjølv, for så å lære av dei. Dette er antakeleg noko av det som gjer at kurset er så vellukka.

Inger Synnøve Tveito, fødd 1985, Kviteseid i Telemark. Ho har studert russisk i 1,5 år ved Høgskulen i Finnmark.

### **Ragnhild Bjørge :**

- Dei to fyrste månadene har vore utruleg spanande! Alle kulla før oss har fortalt om kor mykje dei lærte og kor fort det gjekk, og eigentleg tenkte eg å skriva noko anna og meir originalt. Men dei hadde heilt rett. Tida har gått fort, samstundes kjennest det ut som om me har vore her i årevis. Me har laga radio- og fjernsynsinnslag og spenninga eg kjende før fyrste radioinnslaget skulle på lufta kan samanliknast med å venta på sensur etter ein eksamen. Og eitt innslag på lufta inspirerer til å laga neste. Kullingane er no gode veninner, lærarane er mentorar og kompisar, stemninga er god. Starten har kort fortalt vore utfordrande, spanande og ikkje minst veldig kjekk.

Ragnhild Bjørge, fødd 1977, frå Klokkarvik i Hordaland. Har mastergrad i nynorsk skriftkultur frå Høgskulen i Volda.

## **Femte kullet ferdige**



Frå venstre Bjarte Vik, frå Ålfoten i Sogn og Fjordane, Marianne Feste frå Seim i Hordaland, Gøril Furu frå Sunndalsøra i Møre og Romsdal, Ingrid Hognaland frå Nedre Vats i Rogaland og Vidar Eidhammer, frå Skjold i Rogaland.

Fredag 2.mars var femte kullet ferdige som nynorskpraktikantar og klar for arbeidslivet. Dei hadde ekstern praksis i NRK Sogn og Fjordane, NRK Hordaland, NRK P3, ved lokalkontoret til NRK Rogaland i Haugesund og i Sportsredaksjonen til NRK.

### **Bjarte Vik**

lurer på om han skal bli journalist eller lærar. Difor søkte han og fekk seg jobb som vikarlærer ved Svelgen skule fram til sommaren. Frå hausten skal han studere i Bergen:

- Opphaldet ved Nynorsk mediesenter har gått ufatteleg fort. Ein ting er i alle fall sikkert, eg har lært meir på dette halvåret enn eg har gjort på nokon skule. Det har vore utruleg morosamt, utfordrande og krevjande. Eg har utvikla meg, for det er stor skilnad på ferdigheitene mine no i forhold til då eg byrja her. Fram til sommaren har eg fått vikariat på ein skule. Men eg håpar og trur at eg ein gong vil

arbeide meir innanfor journalistyrket! Tida ved Nynorsk mediesenter og NRK Sogn og Fjordane gjev i alle fall meirsmak.

### **Marianne Feste**



fekk eit to-månaders vikariat i NRK Hordaland alt midtvegs i praksistida i Bergen. Ho seier dette om tida som nynorskpraktikant :

- Det har vore ei utruleg kjekk tid. På berre eit halvt år har eg lært svært mykje. Eg har laga nyheitssaker, mjuke magasinsaker og lese nyheiter. Med andre ord; mange utfordringar. Eg er nok langt frå utlærd i journalistyrket, så eg gler meg til å halda fram og læra endå meir ! Både praksisperioden i NRK Sogn og Fjordane, og i NRK Hordaland, har vore kjekke og lærerike månader. Og no byrjar eg på mitt første vikariat i NRK. For eg har vore så heldig å få eit to månaders vikariat i NRK Hordaland, og eg gler meg til å halda fram.

### **Gøril Furu**

hadde planlagt ein tur jorda rundt våren 2007 lenge før ho kom inn på Nynorsk mediesenter. Ho har hatt praksis i P3-nyhenda og redaksjonen til Osenbanden på Tyholt. Når ho kjem att i juni vert ho sommarvikar i Her og No og P3-nyhenda i 5-6 veker. Til hausten blir ho tilkallingsvikar i tillegg til å studere ved NTNU.

– Eg er hoppande glad og veit at dette hadde eg ikkje oppnådd utan seks månader i Nynorsk mediesenter, seier Gøril Furu.

### **Ingrid Hognaland**

har hatt praksis ved lokalkontoret til NRK Rogaland i Haugesund. Ho held fram som tilkallingsvikar og sommarvikar der. Frå hausten skal ho studere og håpar å kunne kombinere studiar og frilansing som journalist.

- Eg har hatt det kjempefint som nynorskpraktikant. Eg har lært og fått oppleve veldig mykje. Dette er ein lur veg å gå dersom ein ønskjer å bli journalist, noko som eg har hatt lyst til i fleire år. Og etter å ha fått prøvd meg som journalist som nynorskpraktikant, har eg funne ut at det er eit yrke eg trivst veldig godt i.



### **Vidar Eidhammer**

har hatt praksis i Sportredaksjonen til NRK, der han har laga innslag til radio og fjernsyn. Han held fram i Oslo som tilkallingsvikar for NRK Sport, Alltid nyheiter og Dagsnytt og andre redaksjonar som måtte trenge vikar. Han skal og studere til hausten og gjerne kombinere det med frilansing som journalist.

- Nynorsk mediesenter har gitt meg ei unik moglegheit til å få prøve meg i journalistyrket. Opplæringa viste seg å vere særst matnyttig, då eg kom fort i produksjon både i intern og ekstern praksis. Eg fann ut at journalistyrket er utfordrande og engasjerande, og ikkje minst utruleg morosamt. Nynorsk mediesenter kan tilrådest!

## Nøgd sportssjef



Nynorsk mediesenter har for fyrste gong hatt praktikant i sportsredaksjonen i NRK. Redaksjonssjef Rune **Haug** i NRK Sport seier dette om røynslene :

- *Nynorskpraktikanten har gitt et positivt inntrykk i tiden han har vært i NRK Sport, der han har jobbet både radio og TV. Han jobber selvstendig, er kunnskapsrik og har en sikker språkføring. Han har levert gode reportasjer både til riksdekkende radio og riksdekkende fjernsyn. Vi har ikke merket noen forskjell i kompetansen hans sammenlignet med de som har lengre utdanning; praktikanter fra Gimlekollen, Volda og Journalisthøgskolen.*

## Priviligert lærar

Sissel Rikheim i NRK Riks i Bergen og Merete Husmo Høidal i NRK Sogn og Fjordane har delt vikariatet for faglærer Randi Indrebø, som har hatt foreldrepermisjon frå i fjor vår. Randi kjem att i 50 % stilling frå hausten av, og Merete held fram som faglærer i resten av stillinga. Sissel **Rikheim** har vore med på opplæringa av to kull og oppsummerer dei slik:

- *Praktikantane er svært lærevillige, og det trengst, for det er mykje dei skal gjennom på kort tid. For meg som lærar er det motiverande at kurset er så praktisk og matnyttig, (praktikantane lærer fort att og fram på ein lydopptakar og eit kamera ), og eg er trygg på at dei har med seg ei verdifull ballast vidare.*

Geirmund **Henjum** har vore faglærer sidan tredje kullet, og seier dette om sjette kullet :

- *Entusiasmen og læreviljen er høg i dette "damelaget". Ambisiøse er dei og. Det er alltid ei utfordring å kople saman sjølvstendige individ, med svært ulik bakgrunn, i ei tett gruppe på fem. Men det går bra for kvart kull. Det er eit privilegium å få jobbe med journalistikk på dette planet. Det aller største med å arbeide i Nynorsk mediesenter er at så godt som alle som blir malne gjennom kverna vår får seg arbeid i etermedia etterpå. Det gir meg ei god kjensle, og det fortel at vi er på det rette sporet, seier Geirmund Henjum.*

## Oppglødd gjesteføresar

- *Ein blir inspirert og oppglødd av å møte nynorskpraktikantane, semester etter semester: Velutdanna, entusiastiske, lærevillige. Nynorsken vart velsigna med ei utruleg gåve då Nynorsk mediesenter kom på plass. Det skriv Jan Olav **Fretland** som er ein av dei faste gjesteføresarane våre om språk. Han er 1.amanuensis ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, og har førelse om "Tal dialekt – skriv nynorsk, om dialekt og normering", for alle kulla.*



Nynorsk konsulent Jon Peder **Vestad** ved Høgskulen i Volda og direktør Ottar **Grepstad** ved Nynorsk kultursentrum i Ørsta er dei to andre faste føresarane om nynorsk. Vestad tek føre seg språkreglar og nynorsk i NRK, medan Grepstad syner rundt på Aasantunet og fortel om historia og folka bak språket vårt.

Den fjerde faste gjesteføresaren er banksjef Arve **Sandal** i Sparebanken Sogn og Fjordane. Han gjev praktikantane ei innføring i Sogn og Fjordane med det same dei kjem, fordi det er her dei

skal prøve seg som journalistar fyrst. Jorid **Løvbakk**, som NRK brukar som logoped, har lært alle kulla stemmebruk og stemmepleie.

Denne våren er det fleire andre gjesteførelesarar som har vore her før. Tore **Andresen** i NRK Kompetanse har alt førelese om TV-komentaren og Tord **Nedrelid** ved Institutt for journalistikk om "Nettjournalistikk". PFU-leiar Odd **Isungset** frå TV2 kjem for å snakke om presseetikk med utgangspunkt i aktuelle saker i PFU, nyhendesjef Audhild Gregoriusdotter **Rotevatn**, Kanal24, om "Journalistikken og språket i Kanal24" og Kari **Sørbo** i "Her og No kjem for å snakke om "Den engasjerte journalisten".



Nye gjesteførelesarar i år er programleiar og reporter Astrid **Brekken** i "Sånn er livet " i NRK P2, nyhendeanker Arnhild Myklebust **Eggen** i Dagsrevyen og journalist Sonja **Skeistrand** i TV2. Sistnemnde skal snakke om å vere ung utanriksjournalist, Myklebust Eggen tek føre seg nynorsk som nyhendespråk og Astrid Brekken, har fått spørsmål om "den gode samtalen" har ei framtid i radio ?

## Den fyrste i Barne -TV

På dei to fyrste kulla med nynorskpratikantar hadde vi praktikantar som inderleg ynskte seg til barnefjernsynet i praksis, men då møtte vi lita interesse for å ta mot dei. Ei av dei som ynskte seg dit var Solveig Hareide frå Florø, som gjekk andre kullet våren 2005. Ho fekk i staden praksis i NRK P3, der ho har arbeidd med både radio, fjernsyn, Internett og "chatte-tv" etterpå. Ho hadde og vore innom P3 før ho vart nynorskpraktikant.



Frå nyttår av har Solveig Hareide arbeidd i "Påskemorgon"- redaksjonen til NRK Riks i Tromsø, der ho skal vere programleiar i påska. Ho skal dessutan vere ein av tre programleiarar i tilsvarande "Somarmorgon" til sommaren. Vi ba Solveig skrive litt om kva vi kan vente oss i barnefjernsynet i påska :

- Påskemorgon er eit direkteendt barne-TV program for barn mellom 3 og 9 år. Det startar 31 mars, og er i ti sendingar. Frå klokka 07.30 til 10.00 er størsteparten teiknefilm (ca 35 min studiotid) Det er ei utesending, med skog og ei gamle som naturlege kulissar.

Eg er programleiar, og eg har med meg min beste venn Påskeharen, som er ein utkledd mann.

( Skodespelar Klaus Løkholt Bergli som har drive mykje med improteater). Målet til Påskeharen er å vinne verdsmeisterskap i Eggepynting (eit fiksjonelt verdsmeisterskap mellom påskeharar frå heile verda), og for å vinne det treng han hjelp frå barna i Noreg. Utanom dette vil det mellom anna vere sketsjeinnslaget "Solveigs Skiskole", tre ulike konkurransar, gjester, skogtips og påskedans.

Sommarmorgon vil vere ein ganske lik produksjon men i litt mindre skala. Det skal vere tre programleiarar som vekslar på å ha sendingane. Her er det og sending i friluft, mest sannsynleg vil vi flytte frå stad til stad i Tromsø utover sommaren. (vi har ein idé om ei campingvogn som kulisse).

Når det gjeld språket mitt på sendingane er det heilt naturleg for meg å snakke den dialekta som eg nyttar til vanleg, noko anna vil kome i vegen for det eg skal prestere på direkten.

Eg gler meg til begge prosjekta, og stortrivst her i Tromsø!

## Kursverksemda ”Munn og mæle”



Frå nyttår av har vi hyra Wenche Eikum (bilete) i 50 % stilling for å lage, halde og selje kurs. Dette er ei prøveordning fram til sommaren. Vi har gjort det for å kunne halde kurs jamt og ikkje berre i dei periodane nynorskpraktikantane har praksis, og for å utvikle kurspakken og tilboda.

Wenche Eikum har lang røynsle som journalist i NRK Sogn og Fjordane. Ho har utdanning i norsk, historie, journalistikk og pedagogikk frå Høgskulen i Volda.

Det er kurset i medietrening som har vore mest etterspurt, men i tillegg har vi kurs i handtering av media i krisesituasjonar, presentasjon, skriving for Internett, god nynorsk, osv. Vi utviklar og nye kurs etterkvart som dei vert etterspurde. Kursera rettar seg både mot einskildpersonar, lag og organisasjonar, privat- og offentleg verksemd og næringsliv. Vi skreddarsyr kursera, og held dei anten i lokala våre i Førde eller der oppdragsgjeveren ynskjer.

Frå januar til mars har vi åtte kurs i beredskapsøving, kriseberedskap og medietrening. Her er tilbakemeldingar på nokre av kursera vi har i år :

### Vellukka pilot for beredskapskurs

*- Inge Kjell Holme og Wenche Eikum fungerte svært godt i sine roller, og i samspelet med oss frå Fylkesmannen. Så langt eg var i stand til å registrere meinte kommunane at øvinga var god, og at journalistane frå Nynorsk mediesenter var svært viktige bidragsytarar for nettopp det.*



FYLKESMANNEN  
I SOGN OG FJORDANE

Dette er tilbakemeldinga frå fylkesberedskapssjef Haavard **Stensvand** etter beredskapsøvinga med sju kommunar 10.-11.januar 2007. Dette var ei pilotøving på å trene fire kommunar i slengen og så vellukka at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vil halde fram med kursera. Kanskje blir kursera tilrådde til andre fylke som vil effektivisere beredskapsopplæringa med kommunane.

### Trena på fugleinfluensa



*- Vi takkar for endå eit godt og lærerikt kurs. Det var ein fengande og ikkje minst aktuell pilot som låg til grunn for opplegget. Bra at alle fekk prøve seg fleire gonger i varierende settingar både innandørs og utandørs. Vi hadde ønskje om litt stressande og utfordrande intervjusituasjonar, og det synes vi at kursholdarane fekk bra til. Kursholdarane gav ærlege tilbakemeldingar, og det set vi stor pris på. Kurset svarte til forventningane.*

Det skriv Merete **Lunde** i Mattilsynet i Indre Sogn etter kurset i krisehandtering, der døme var eit mogeleg utbrot av fugleinfluensa.

I løpet av tre veker i mars skal vi kurse tretti rektorar og leiarar i Sogn og Fjordane fylkeskommune, og ti tillitsvalde i LO Stat i Hordaland og Sogn og Fjordane i medietrening. Vi held fram med utviklinga av dei kursa vi har og lagar nye, for å auke tilbodet i "Munn og mæle".

## Nynorskpris for journalistar

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar skal delast ut for andre gong. Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre.

Prisen er på 50.000 kroner og eit norsk kunstverk.. Fristen for å kome med framlegg til kandidatarer 1.april.



I juryen sit forfattar Olaug **Nilssen**, Odda, sjefredaktør i Stavanger Aftenblad, Tom **Hetland**, Bryne og NRK-journalist Gry **Molvær** (leiar), Trondheim. Magni Øvrebotten er sekretær for juryen. Prisen vert delt ut under Dei Nynorske Festspela i Ørsta 28.juni.

Den fyrste som fekk Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar var journalist Linda Eide, i NRK-Riks i Bergen.

## Kvar vert nynorskpraktikantane av ? 23 av 25 er journalistar

Vi legg vekt på å rekruttere folk som er sterke i trua både i høve til nynorsken og viljen til å bli journalistar. Det trengst for å lukkast i denne svært tettpakka opplæringa. Per mars 2007 har vi sendt frå oss 25 nynorskpraktikantar sidan starten hausten 2004, og 23 av dei har heil- eller deltidsarbeid som journalistar. Tyngda er i NRK. Fleire studerer i tillegg til arbeidet.

Svein Ove Hansli var den fyrste som fekk fast arbeid i NRK, elles har dei måtta ut av NRK for å få det. Dei fleste er faste vikarar eller tilkallingsvikarar i NRK. Det er tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, Nitimen, Frukosttv, P3-nyhenda, Osenbanden i P3, Kulturavdelinga i NRK P2, i barnetv og ved åtte distriktkontor.

Det er korkje bindingstid eller garanti om arbeid i NRK etter avslutta opplæring, og vi ynskjer å rekruttere journalistar også til andre medieverksemder enn NRK. Her ser du kvar dei fire fyrste kulla har hamna :

### Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006.



Frå venstre Asgeir Reksnes, Bergit Sønstebø Svendseid, Erlend Blaalid Oldeide, Ingrid Aanestad og Øystein Windstad.



**Asgeir Reksnes** (1979) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, ved lokalkontoret i Nordfjord.  
**Bergit Sønstebø Svendseid** (1984) er fast tilsett som nettkonsulent i Kirkens Nødhjelp.  
**Erlend Błaalid Oldeide** (1984) er vikar i NRK Nordland.  
**Ingrid Aanestad** (1983) er tilkallingvikar i kulturavdelinga i NRK P2 og student ved det nordiske forfattarstudiet ved Kunstakademiet i Gøteborg.  
**Øystein Windstad** (1983) er tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal.

### Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Frå venstre Håvard Hamnaberg, Karoline Kalstveit, Gisle Forland, Marita Haugo og Sølve Rydland.

**Håvard Hamnaberg** (1978) er fast tilsett som nettjournalist i firmaet Point Carbon, som har ein nettstad for analyse for kjøp og sal av Co2-kvotar i EU-systemet.. Der må han skrive engelsk.  
**Karoline Kalstveit** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer miljø- og ressursfag ved Universitetet i Bergen.  
**Gisle Forland** (1981) er tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal.  
**Marita Haugo** (1982) er tilsett i 50 % vikariat som produsent i NRK i Drammen, der ho er tilkallingsvikar i tillegg. Ho har flytta heim til Hallingdal frå Oslo.  
**Sølve Rydland** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen.

### Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Frå venstre Solveig Hareide, Eli Vaage, Ingebjørg Bø, Birte Njøsén Horne og Janne-Marit Myklebust

**Solveig Hareide** (1983) skal i påska vere programleiar for "Påskemorgon" frå Tromsø. Til sommaren vert ho ein av tre programleiarar for "Somarmorgon".  
**Eli Vaage** (1984) er vikar i P3-nyhenda i Trondheim, som vaktstjef, reporter og meldingslesar.  
**Ingebjørg Bø** (1977) har nett byrja med frilansing etter foreldrepermisjon frå februar 2006. Ho arbeider for NRK og diverse lokalaviser i Telemark.  
**Birte Njøsén Horne** (1984) er vikar i Nitimen og fleirmedial medarbeidarar i Frukost-fjernsynet..  
**Janne-Marit Myklebust** (1981) er vikar i NRK Møre og Romsdal.

## Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Frå venstre Eli Bjelland, Knut Åge Teigen, Svein Ove Hansli, Maria Rivedal og Inger Johanne Sæterbakk.

**Eli Bjelland** (1981) er meldingslesar og tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt.

**Knut Åge Teigen** (1970) er fast tilsett i videoselskapet Snøball og i GAN forlag. Han arbeider for tida med ein serie undervisningsfilmar om nynorsk som sidemål i grunnskulen, på oppdrag frå Utdanningsdepartementet : [www.skoleipraksis.no](http://www.skoleipraksis.no)

**Svein Ove Hansli** (1976) fekk før jul fast tilsetjing i NRK og arbeider i Dagsrevyen og Dagsnytt.

**Maria Rivedal** (1981) er vikar i NRK P3, og er no vaksjef og produsent for "Osenbanden".

**Inger Johanne Sæterbakk**, (1981) er tilsett som kulturjournalist i Kulturnytt i NRK P2 i Tromsø. Ho skal òg arbeide for NRK Troms og Finnmark.

## "Stolt nynorsk"

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia. Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreing av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio og fjernsyn.

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie - og samfunnsdebatten.

## "Dyktig - frodig – framfus"

Dette er verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere *dyktig* for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet. Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.



## Løvetanna

er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren i Gasta reklamebyrå som har laga både det og heile designprogrammet for Nynorsk mediesenter.

Slike statusrapportar som dette lagar vi tre-fire av i året. Vi sender dei til leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar, nynorskrørsla og andre som spør etter korleis det går med oss. Du finn alle tidlegare rapportar på nettsida vår, under "Statusrapportar".

**POSTADRESSE:**

Nynorsk mediesenter  
Postboks 100  
6801 Førde

**BESØKSADRESSE:**

Nynorsk mediesenter  
NRK Sogn og Fjordane  
Prestebøen 2  
6800 Førde

**TELEFON:**

Leiar : 57 72 42 30  
Faglærarar : 57 72 42 74  
Sentralbord: 57 72 42 42  
Telefaks: 57 72 42 75

**E-POST:**

[nynorskmediesenter@nrk.no](mailto:nynorskmediesenter@nrk.no)

**NETT:**

[www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no)

